



Det er ei svært aktiv overvaking av situasjonen også i Uskedalselva. Her er "elektrisk fiske" i gang ved Kjærland sist haust. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Medan fylkesmannen går inn for fiskeforbod for laks i til dømes Rosendalselvane går han inn for at det kan fiskast etter både laks og sjøaure i Uskedalselva frå 15. juni til 15. september i Uskedalselva – som i Æneselva og Bondhuselva. I Blåelva gjer han framlegg om fiske etter begge fiskeslag frå 15. juli til 15. september og i Guddalselva frå 1. juli til 15. september.

Men også i Rosendalselvane skal fiske etter oppdrettslaks og regnbogeaure vera tillete i fisketida for sjøaure etter nærare reglar utarbeidd av fiskerettshavarane.

Fylkesmannen kjem med desse utspela i framlegget til ein ny femårs forskrift for regulering av fisketider for laks og sjøaure, Fristen for å kome med innspel til framlegget er 15. januar og forskrifta skal vere fastsett 15. februar.

Mange laksestammer har for lite gytefisk og for mykje rømt oppdrettslaks, Difor må uttaket av villaks reduserast mange stader og det må settast inn meir tiltak for å fjerne rømt oppdrettslaks. Villaksen i ei rekkje stammer i Hordaland må få eit betre vern mot overfiske og rømt oppdrettslaks, sleg fylkesmannen fast.

Ein ny og viktig styringsmåte for regulering av laksefisket er å byggja reguleringane på at ein skal nå eit gytemål. Dette vil seie at det skal vere nok gytefisk att i vassdraga etter fiske til at heile produksjonskapasiteten vert fylt opp.

Av ein tabell som summerar opp kor mykje av gytemålet som er oppnådd i snitt dei siste fem år går det fram at Uskedalselva ligg mellom 50 og 100 prosent av gytemålet og at andelen av oppdrettsfisk ligg på 50-60 prosent i "vår" elv. Men fylkesmannen legg til at det relativt nyleg er starta kalking i Uskedalselva og at laksestamma dei siste to-tre åra har vore innan gytemålet.

Det er for høg andel oppdrettslaks i dei fleste laksevasstraga i fylket og det går mot strengare vern av villaksstammene mot overfiske og rømt oppdrettslaks. Krav som vert sett til fiskerettshavarane for å halda ope eit fiske, er ei aktiv overvaking og tiltak mot rømt oppdrettslaks.

Det bør også vera ei løpande vurdering av om det kjem att nok gytefisk kvart år. Ei slik overvaking og vurdering kan vere eit godt alternativ til generelt strenge reglar for fisket. Ved ei aktiv, lokal forvaltning bør ein vurdere tiltak for å redusera eller stogga uttaket av villaks undervegs i sesongen.

Eit slikt opplegg er frå neste år eit krav i nasjonale laksevasstrag, som i Etne. Fylkesmannen rår til dette også i dei andre laksevasstraga.

Av Ola Matti Mathisen